



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2025/6714-6	«REF»	21.04.2026

Varsel om tilsyn - 196/4

Saksopplysningar

Tema: Oppfølging av meldingar om mogleg forsøpling, ulovleg lagring av brukte gjenstandar og mogleg avvik frå føremålet med nydyrkingsløyve (mellomlagring av massar og gjenstandar, tipping i terreng)

Grunneigar: Geir Sverre Tofte, Hege Mehammer Tofte

Tidspunkt for tilsynet: **24.04.2026, kl 12:00**

Møtestad: Ved nydyrkingsområdet, gnr/bnr 196/4

Regelverk

Kvinnherad kommune er lokal forureiningsstyresmakt i forsøplingssaker og kan følgje opp mogleg brot på forureiningslova § 28 om forsøpling. Kommunen kan, dersom vilkåra er oppfylte, gi pålegg om opprydding etter forureiningslova § 37. Statsforvaltaren har i brev til kommunen bedt kommunen vurdere slik oppfølging, og peikar på at kommunen kan gi pålegg om å rydde opp eller sjølv utføre opprydding og krevje refusjon for kommunen sine utlegg. Statsforvaltaren peikar vidare på at kommunen si avgjerd i slike saker vil vere eit enkeltvedtak som kan klagast på.

Kommunen vil i tillegg involvere landbruk og byggesak. Desse fagområda kan gjere eigne vurderingar innan sine ansvarsområde, basert på funn ved tilsynet og dokumentasjon i saka.

Kvifor kommunen fører tilsyn

Kommunen har mottatt opplysningar om at arealet kan vere nytta til aktivitet som kan innebere forsøpling eller ulovleg handtering og lagring av avfall og gjenstandar, og at det kan vere aktivitet som fell utanfor ramma av nydyrkingsløyve. Kommunen skal avklare faktum i saka før vidare vurdering og eventuelle vedtak.

Kva tid kan det førast tilsyn

Kommunen kan føre tilsyn når det er grunn til å undersøkje om det ligg føre forhold som kan vere i

strid med forureiningsregelverket. Tilsyn blir gjennomført ved synfaring og innhenting av relevante opplysningar.

Plan for tilsynet

Tilsynet vil bestå av synfaring på staden for å få oversikt over:

- om det finst avfall, gjenstandar eller materiale som kan vere omfatta av forbodet mot forsøpling
- om det finst opplag eller mellomlagring av massar og gjenstandar, og korleis dette er plassert
- om det er forhold som kan gi forureiningsfare eller vere skjemmande for omgjevnadene
- om det er forhold som bør oversendast til eller følgjast opp av andre fagområde i kommunen

Vi ber om at de legg til rette for at kommunen får tilgang til relevante delar av området i tilsynstida. Kommunen ber òg om at de stiller ein representant som kan vise fram området og svare på spørsmål.

Frå kommunen vil det stille representantar frå fagområda miljøretta helsevern, landbruk og byggesak.

Opplysningar kommunen ber om før tilsynet

For å opplyse saka ber kommunen om at de innan **torsdag 23.04.2026** sender ei kort skriftleg tilbakemelding med relevant dokumentasjon:

1. Kva aktivitet som har gått føre seg på arealet dei siste åra, og kva føremål aktivitetane har hatt.
2. Oversikt over massar og materiale som er tilført eller lagra på eigedomen, inkludert opphav, type og omtrentleg mengd.
3. Oversikt over gjenstandar, konteinrar eller anna materiale som er lagra på området, og plan for handtering og fjerning.
4. Dokumentasjon på levering til godkjent mottak for avfall, dersom avfall er levert ut frå området, til dømes kvitteringar eller tilsvarande.
5. Kontaktopplysningar til eventuelle transportørar eller verksemder som har levert eller henta massar eller materiale, dersom dette er relevant.

Om opplysningar og medverknad

Kommunen ber om opplysningane over som ledd i saksutgreiinga. Dersom opplysningar ikkje blir gitt, må kommunen vurdere saka på grunnlag av dei opplysningane som elles ligg føre. Dersom det seinare blir aktuelt med formelt pålegg om opplysningar eller tiltak, vil dette bli handtert som vedtak med opplysning om klagerett.

Etter tilsynet

Kommunen vil utarbeide notat eller rapport frå tilsynet. Deretter vil kommunen ta stilling til om saka skal følgjast opp med vedtak, til dømes pålegg om opprydding etter forureiningslova § 37, oppfølging etter anna regelverk eller kombinasjon av desse. Dersom kommunen fattar vedtak, vil det gå fram av vedtaket kva heimel som er brukt, kva faktum som er lagt til grunn, og korleis de kan klage.

Spørsmål

Hugs å oppgi saksnummer ved kontakt. Spørsmål og dokumentasjon kan sendast til post@kvinnherad.kommune.no

Med helsing
KVINNHERRAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Arve Aarhus
Karen Løvfall Våge
Natalie Martins Sæberg

Rosendalvegen 10
Rosendalsvegen 10
Rosendalsvegen 10

Mottakarar:

Geir Sverre Tofte

Hege Mehammer Tofte